



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Per Albert Lund, 55 57 21 74

Vår dato
13.10.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11164 422.5
Dykkar referanse

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Søknad om frådelling av ca. 4 daa frå gnr. 16 bnr. 12 i Radøy som tilleggsareal til gnr. 16 bnr. 39 i Radøy kommune. Klagesak.

Fylkesmannen syner til kommunen si oversending av denne saka til klagehandsaming ved brev 15.09.2014.

Søknaden er handsama i kommunen etter jordlova § 9 og avslått ved administrativt vedtak 20.06.2014. Saka er påklaga og klagen er handsama i kommunen v/hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte 3.09.2014. Utvalet stadfesta vedtaket av 20.06.2014.

Fylkesmannen er i tvil om denne delingsssøknaden treng handsaming etter jordlova § 9 som ramar bruk av dyrka og dyrkbar jord til anna enn jordbruksproduksjon. Det er i saksutgreiinga ikkje gjort greie for boniteten på parsellen, men «Skog og landskap» sitt kart tyder på at det ikkje er jordbruksareal på parsellen.

Fylkesmannen sender difor saka attende til kommunen og ber om at tilhøvet til jordlova § 9 vert avklart. Dersom løyve etter jordlova § 9 ikkje er nødvendig i saka, ber vi om at kommunen handsamar saka på nytt som delingssak etter jordlova § 12.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Per Albert Lund
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Asgeir Mjøs	Øvre Mjøs 63	5939	SLETTA
Brita og John Andersen	Tordenskjolds gate	5031	BERGEN
	29		